



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 18/1740	Løpenr: 18/9234
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	04.12.2018	018/2018

Faste saker

04.12.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet fekk spørsmål om å handsame tilleggssak 22/18- Stadfesting av planprogram for Børdalen. Sture Tveit (H) synast det var seint å få saka direkte til handsaming i møtet. Utvalet slutta seg likevel til å sette sak 22/18 saklista.

Orienteringar:

Orientering om Børdalen vert gjeven under handsaming av sak 22/18

Planleggar R.Aandal orienterte og delte ut utkast til rapport vedk muligheitsstudie for veg til Hagabotnane i møtet. Endeleg rapport kjem opp til handsaming i naturutvalet sitt møte over nyttår. Kommunestyret skal då ta stilling til vidare handsaming med ev val at trase og reguleringsplan for denne.

Ass.rådmann orienterte om at eigar av Løe i Hagabakkane er tilskreve og beden om å gje tilbakemelding på kva utbetringstiltak som vil verte sett i verk.

Utvalet sitt kvarter:

Jon Magne Bogevik (Uah) stilte spørsmål om kva tankar kommune har vidare med anleggskaia i Rolvsvåg. Ass.rådmann bad om å få komme tilbake med svar til neste møte.

Sture Tveit (H) bad om å få status for rettsaka kommunen har med Rolvsvåg Industrihamn v/Øystein Hansen. Ass.rådmann orienterte om at dette vil verte gjeve i kommunestyret den 13. desember.

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI) stilte spørsmål om status for raset som gjekk i Hagabakkane. Ass.rådmann orienterte om at Teknisk drift har sett inn tiltak med ekstra sjekk og grundig grøfterens ved meldt mykje nedbør. Veggen har fått høg prioritet i TD sitt kontinuerlege vedlikehald og det er vurdert tiltak som kan gje betre permanente løysingar for å hindre nye ras.

NAT- 018/2018 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med tilleggssak 22/18.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.